

NOTODDEN KOMMUNE

SAKSFREMLEGG

Saksbehandler: Hans Bakke
Arkivsaksnr: 03/01753
Løpenummer: 002147/04

Arkiv: V70 &13

Utvalg:

Landbruksutvalget

HØRING - FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK

Rådmannens innstilling til Landbruksutvalget:

Landbruksutvalget sluttar seg til vurderingane til rådmannen og legg dette til grunn som kommunen si fråsegn til framlegg om ny Lov om skogbruk.

VEDTAK:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt

... &&& Sett inn saksutredningen under ↓

Utlagt i saka:

1. Høringsbrev frå Landbruksdepartementet av 04.12.2003
2. Høringsnotat med lovtekst m.m. av 04.12.2003

Vedlegg:

1. Framlegg til lovtekst for ny Lov om skogbruk

Samandrag:

Landbruksdepartementet har sendt framlegg til ny Lov om skogbruk på høring. Notodden kommune støttar hovudlinjene i framlegget.

Bakgrunn for saka:

Ei ny lov om skogbruk blei varsla i [St. meld. nr. 17 \(1998-99\) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren \(Skogmeldinga\)](#). Stortinget behandla Skogmeldinga våren 1999, og hadde da mellom anna følgjande merknad:

“Komiteen har merket seg at Regjeringen legger opp til å starte arbeidet med en ny skogbrukslov, med klare bestemmelser om et bærekraftig skogbruk og en langsiktig ressursforvaltning. Komiteen er enig i at de skogpolitiske utfordringene krever et moderne og funksjonelt juridisk rammeverk. Det er viktig at en ny skogbrukslov blir en næringslov hvor prinsippet om frihet under ansvar opprettholdes. Loven må også gi klare rammer for de miljøhensyn som påhviler skogbruket, og som er en viktig del av den enkelte skogeiers forvalteransvar. Den nye skogbruksloven må også videreføre en skogadministrasjon på kommune- og fylkesnivå med en organisasjon og kompetanse som gjør det mulig å følge opp regelverket og de skogpolitiske mål på en god måte regionalt og lokalt.”

Landbruksutvalet blir på denne bakgrunnen invitert til å gi sitt syn på framlegg til ny lov.

Saksopplysningar:

Departementet sender med dette ut forslag om ei ny Lov om skogbruk (skogbrukslova) til høring. Lova skal erstatte gjeldande lov om skogbruk og skogvern frå 1965 med seinare endringar.

Den nye lova skal regulere skogbruk som næring og stimulere til verdiskaping med grunnlag i skogressursane. Siktemålet med forslaget er å etablere eit meir moderne og juridisk funksjonelt rammeverk for forvaltning av skogressursane.

Forslaget til ny lov inneber ei klar forenkling av gjeldande lovgjeving om skogbruk.

Gjeldande lov har 58 føresegner, mens den nye lova får 22 føresegner.

Departementet foreslår at den nye lova skal ha følgjande formål:

”Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.”

Lovforslaget legg til grunn den eksisterande grensedraginga mellom skoglovgjevinga og naturvernlovgjevinga, og fører vidare prinsippa i gjeldande lov om skogbruk og skogvern i ei meir framtidretta lov med fokus på verdiskaping innafor dei rammer miljøomsyna set.

Lovforslaget fører vidare ei skogbruksstyresmakt på kommune- og fylkesnivå med ei organisering som gjer det mogleg å følgje opp regelverket og dei skogpolitiske måla på ein god måte regionalt og lokalt. Lovforslaget legg m. a. opp til eit større rom for handling på lokalt nivå enn gjeldande lov, noko som inneber at kommunane sin fullmakt til å treffe vedtak i første instans blir større. Føresegner i lova gir òg kommunane heimel for å innføre meldeplikt for tiltak i skogbruket, om det er behov for å føre kontroll med at lovføresegnene og forskrifter gitt i medhald av lova blir overhaldne.

Dei føresegnene departementet foreslår i utkastet til ny lov gir i all hovudsak rammer for bruk og forvaltning av skogen. Departementet har likevel funne det rett å ta inn i lova einskilde føresegner som opnar for å regulere skogbruket meir detaljert dersom det er nødvendig.

Lovforslaget legg til grunn som hovudprinsipp at skogeigaren har ansvaret for at skogressursane og miljøverdiane blir forvalta i samsvar med lova og forskrifter gitt med heimel i lova. Departementet fører i denne samanheng inn omgrepet forvaltaransvar i lova.

Lovforslaget gir ei ny føresegn om forynging etter hogst. Dette inneber ei konkretisering og skjerpning i forhold til dei reglane som gjeld i dag. Departementet foreslår samstundes å lage ei ny forskrift om forynging og tek sikte på å fastsetje denne parallelt med iverksetjinga av den nye lova. Det er ønskjeleg at høringsinstansane kommenterer kva for innhald og detaljeringsgrad ei slik forskrift bør ha.

Lovforslaget legg vidare til rette for å møte nye utfordringar i samband med ulike miljøspørsmål, og inneber m. a. eit forslag om ein heimel for å lage ei forskrift om miljøomsyn. Departementet tek sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med iverksetjinga av den nye lova. Som for forskrifta om forynging ber departementet høringsinstansane om synspunkt på innhaldet i ei slik forskrift.

Føresegnene om omdisponering av skogmark i gjeldande lov blir ikkje ført vidare. Departementet legg til grunn at regulering av dette først og fremst skal skje etter plan- og bygningslova og dels ved føresegnene om deling og omdisponering i jordlova. Departementet foreslår i samband med dette mindre justeringar i § 9 i jordlova. Dette inneber ei forenkling samstundes som endringane gjer det tydelegare at kommunane gjennom plan- og bygningslova har eit klart ansvar for god arealdisponering og vern om areal med biologisk produksjonsevne.

Lovforslaget stadfestar og styrkar ordninga med at ein del av inntekta frå avverking av skog skal førast tilbake til skogen i form av langsiktige investeringar. I gjeldande lov er dette tatt inn i føresegner om skogavgift. I lovforslaget er ordninga kalla skogfond. Dette er ei fornying. Avsetnaden er ikkje ei avgift, men ein tvungen fondsavsetnad som er ei sentral, varig ordning med sikte på å sikre finansiering av ei berekraftig forvaltning av skogen.

Lovforslaget gir heimel til å føre nærare kontroll med at skogen blir driven innafor forsvarlege skog- og miljøfaglege rammer. Departementet legg til grunn at prinsippet om internkontroll no er tatt i bruk innafor skogbruk, jf. òg HMS-lovgjevinga. Departementet foreslår difor m. a. ein heimel til å stille krav til skogeigarane sin interne kontroll og tilgang til rapporter frå desse.

Når det gjeld føresegna om straff foreslår departementet at forsettleg eller aktlaust brot på føresegner i lova kan bli straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år, og det blir innført

heimel til å gi tvangsmulkt slik dette også blir nytta i jordlova. Dette er ei skjerpning i høve til gjeldande lov.

(Meir om lova kan og lesast på internettsida:

http://www.odin.dep.no/ld/norsk/aktuelt/hoeringssaker/paa_hoering/020081-080017/index-dok000-b-n-a.html)

Framlegg til fråsegn til lova:

Med bakgrunn i dei omfattande endringar som skogbruksnæringa har gjennomgått sidan den noverande lova vart vedtatt i 1965 så var det på tide å at det no ligg føre eit framlegg til ny lov.

Som ein generell kommentar er det positivt at ein har søkt å forenkle lova slik at det har vorte færre paragrafar. Det gjer lova meir oversiktleg og lettare tilgjengeleg

Utover dette vil vi bare kommentere enkelte sider ved lovframlegget som vi meiner er særleg viktig.

§ 4 Forvaltaransvaret

Det nye lovframlegget held fast ved at det er skogeigar som har ansvar for å forvalte sin skog innafør rammene som lovverket gir. Faktum i dag er at entreprenørar er i ferd med å overta mesteparten av dette. Sett på denne bakgrunn, og sett i lys av reglar i anna lovverk (for eksempel plan- og bygningslova), synest det underleg at det nye lovverket ikkje i større grad tek opp i seg dette faktum og regulerer forholdet mellom entreprenør og skogeigar.

§ 5 Skogregistrering og skogbruksplan

Det er grunn til å spørje om denne § er utfyllande nok med tanke på kven som kan sette i verk slike registreringar. Det synest her som kven som helst kan setje i verk registreringar på ein eigedom. Kva er skogeigar sine rettar og plikter og kva er styresmaktene si rolle her? Kan skogeigar motsetje seg slike registreringar? Kan både offentlege og private aktørar setje i verk skogregistrering ? Desse spørsmåla bør bli avklart i lova.

§ 6 Foryngingsplikt

§ 6 legg opp til nye og meir spesifikke krav til skogeigar si plikt til å sikre ny skog etter hogst. Erfaringar vi har gjort dei seinare åra med sviktande lønsemd i næringa samstundes som dei økonomiske verkemidla for å stimulere til skogkultur har blitt redusert, viser at det er behov for å skjerpe krava til skogeigar si foyngingsplikt. Sett ut frå eit ynskje om å stimulere til framtidig kvalitetsproduksjon helsar vi denne endringa velkommen. Samstundes er det grunn til å peike på at dette vil krevje større ressursar frå kommunane side dersom ein skal greie å følgje opp dette. Med den vanskeleg økonomiske situasjonen kommunesektoren no er inne i, er det grunn til å spørje om det er særleg realistisk at kommunane vil greie å følgje opp intensjonane i lova.

Det blir derfor framleis viktig at staten stiller så store økonomiske ressursar til rådvelde at kommunane kan bli i stand til å vidareføre tilskot til skogkultur (jfr. dei nye oppgåvene som no er overført til kommunane på landbruksområdet).

Dersom foryngingsplikta i lova blir oppretthalde, er det viktig å følgje denne opp med ei forskrift som set konkrete minstestandardar. Ei slik forskrift må vera så konkret at ho blir eit godt operativt hjelpemiddel for kommunane si handheving av lova.

§ 8 Hogst - Miljøforskrift

I tråd med lova si oppbygging er det ikkje teke inn detaljerte krav til gjennomføring av ulike skogbrukstiltak. Departementet ber derfor om vårt syn på om det er naudsynt å utarbeidde særlege forskrifter for å spesifisere slike krav. M.a. blir det stilt spørsmål om det bør utarbeidast ei særleg miljøforskrift for å bli meir spesifikk i dei miljøkrav som skal stillast til

skogbruket. I samband med Skogmelding vart det utarbeidd ei slik forskrift, men den vart ikkje sett ut i livet m.a. etter sterkt press frå skogeigarsamvirket som viste til sertifiseringsordninga ”Levende Skog”.

Skogen representerer sentrale verdiar for samfunnet, både som leveområde for planter og dyr, som område for friluftsliv for innbyggjarane, og som virkesprodusent og næringsveg. Slik sett finn vi det underleg at næringsaktiviteten i skogen bare skal regulerast gjennom eit privat sertifiseringssystem. Sidan skogen representerer så sentrale verdiar for det samfunnet, bør miljøomsyna i skogbruket regulerast av offentlege styresmakter. Med dei marknadsmessige fordelane eit sterkt lovverk gir eksportmarknaden for tømmer og treprodukt kan vi ikkje sjå nokon grunn for at styresmaktene ikkje skal utarbeidde ei miljøforskrift som kan liggje i botnen og setje minimumsstandardar for miljøsertifiseringa i skogbruket.

§ 9 Skadeførebyggjande tiltak

Som eit ledd i førebygging av beiteskader på skog har departementet i § 9 gjort framlegg om at lova skal gi høve til å regulere beitetrykket. Sidan kommunen også har ei sentral rolle innan forvaltninga av Viltlova ser vi ikkje grunn til å ta dette inn her. Dersom ein finn grunn til å regulere dette nærare bør det innarbeidast i Viltlova.

§ 14 Skogfond

Med bakgrunn i at Stortinget har gitt skogfondsordninga auka tyding som finansieringskjelde i skogbruket, og at lovframlegget skjerpar krava til forynging etter hogst, synest det lågt å setje 2 % som minimumsverdien for avsetning til skogfondet. Vårt framlegg er å doble dette til 4 %.

Rådmannen i Notodden kommune, den 08.03.2004

Jostein Todal